

## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019**

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram følgjande forslag:

Alternativ

«1) Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for modell 1) Intern BHT, som byggjer vidare på og utvidar den ordninga som ein har i HFK i dag. Dette er og i samsvar med tillitsvald sitt standpunkt og må tilleggjast stor vekt i ein elles krevjande omstilling for heile organisasjonen.»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga fekk 22 røyster (A, Sp, Krf, V, Frp, H ) og vart vedteken.

### **Vedtak**

1. Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for at tilrådinga i delprosjektet vert lagt til grunn for etablering av bedriftshelseteneste i Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda gir prosjektleiar fullmakt til å gjennomføre kjøp av tenester frå ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste.